

Berekraftsstrategi Bybanen utbygging

Versjon 4 – 27.11.2025



Vestland
fylkeskommune



Fotokredit: Iver Daaland Åse

Innhald


Innleiing.....	s. 3
Utviklingsplan for Vestland 2024–2028	s. 4
Berekraftig samfunnsutvikling.....	s. 5
Hovudmål.....	s. 6
1. Vi skaper den gode reisa for alle	s. 7
2. Vi reduserer klimafotavtrykket og vel robuste løysingar.....	s. 8
3. Vi kjenner påverknadene våre og jobbar for å redusere dei	s. 9
4. Vi fremmer eit godt og seriøst arbeidsliv for alle	s. 10
5. Vi utviklar ei berekraftig leverandørkjede og drar bransjen i ei grønare retning.....	s. 11

Innleiing

Bybanen utbygging (BU) er ein byggherre-organisasjon under Vestland fylkeskommune. BU har som oppgåve å prosjektere og bygge Bybanen og tilhøyrande infrastruktur.

Eit byggetrinn i bybaneprojektet er ei stor offentlig investering. Anskaffing av rådgjevarar og entreprenørar, som igjen står for innkjøp av varer og tenester frå lokale og internasjonale leverandørar er til saman ei verdikjede med vesentlege påverknader. Desse påverknadene ligg innanfor alle dei tre dimensjonane av berekraft: klima og miljø, sosiale tilhøve og økonomi. Som offentlig byggherre har BU eit særskilt ansvar for å fremme berekraft i heile verdikjeda.

Ansaret femner vidt og inkluderer område som klima, natur, sosiale tilhøve, seriøst arbeidsliv, ansvarleg økonomisk styring og mykje meir. Formålet med denne berekraftsstrategien er å sette retning for det viktige samfunnsoppdraget det er å bygge bybane i Bergen.



Arve Tjønn Rinde

Prosjektdirektør i Bybanen Utbygging




Fotokredit: Morten Wanvik

Utviklingsplan for Vestland 2024–2028

I Vestland har vi ein brei utviklingsplan som set tydeleg retning for samfunnsutviklinga. Planen slår fast fire satsingsområde med hovudmål for perioden 2024–2028. Berekraftsstrategien i Bybanen utbygging er utarbeidd for å bidra til desse hovudmåla.

Satsningsområdet Velferd og verdiskapning



Vestlandet er det leiande verdiskapningsfylket basert på naturgitte fortrinn

Satsningsområdet Demografi og likeverd



Vestlandet er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket

Satsningsområdet Klima og natur



I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga


Satsningsområdet Samarbeid




Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning

Berekraftig samfunnsutvikling

Berekraftsarbeid er ikkje noko som kjem i tillegg til andre oppdrag og oppgåver. Det handlar snarare om å utvikle måten vi arbeider på, slik at innsatsen bidreg til å dra utviklinga i ønska retning. Vestland fylkeskommune nyttar berekraftsmodellen til Stockholm Resilience centre. Denne framstiller samanhengen mellom berekraftsdimensjonane miljø, sosiale tilhøve og økonomi på tre nivå som heng tett saman. Denne samanhengstenkinga ligg til grunn for Bybanen utbygging sin berekraftsstrategi.




Hovudmål




1.

Vi skaper den gode reisa for alle



2.

Vi reduserer klimafotavtrykket og vel robuste løysingar




3.

Vi kjenner påverknadene våre og jobbar for å redusere dei



4.

Vi fremmer eit godt og seriøst arbeidsliv for alle



5.

Vi utviklar ei berekraftig leverandørkjede og drar bransjen i ei grønare retning

1. Vi skaper den gode reisa for alle

Bybanen er ryggrada i kollektivtrafikken og i byutviklinga i Bergen. Bybanen er først og fremst til for brukarane, dei reisande som skal frå A til B. Difor set vi brukarane i sentrum, og dette prinsippet skal vise igjen i alt vi gjer når vi prosjekterer og bygger. Dei reisande skal oppleve banen som lett, enkel, tilgjengeleg og føreseieleg.

Der Bybanen kjem, veks nye nabolag, nytt næringsliv og nye område fram. Banen skal difor bidra til gode byrom og nærområde der menneske bur, lever og jobbar. For å få til dette må Bybanen byggast med fokus på tilgjengelegheit for alle, for å fremme tryggleik og med gode kvalitetar som skaper trivsel for brukarar og naboar.

Under sjølve utbygginga blir byen påverka av anleggsarbeid på mange ulike måtar. Avsperringar og trafikkomleggingar, støy og støv kan påverke kvardagen til folk og næringsdrivande i byen. Gjennomtenkte tiltak kombinert med tidleg og god kommunikasjon blir viktig for å redusere denne belastninga.

Delmål

- Fokus på «Lett, enkel, tilgjengeleg og føreseieleg» blir ivaretatt og styrkt gjennom prosjektering og bygging.
- Løysingane skal ta omsyn til både eksisterande og framtidige omgivnader, og utnytte kvalitetane til Bybanen til å løfte områda der banen kjem. Bybanen skal ha eit ope og leseleg system, som gjer det enkelt for brukarane å navigere.
- I byggefasen skal prosjektet arbeide for å redusere påverknader på naboar og omgivnader. Trafikkavviklinga skal vere godt planlagd og ikkje hindre samfunnskritiske tenester.
- I byggefasen skal vi kommunisere tidleg og ope om planlagt arbeid, og korleis det kan påverke innbyggjarar, tilreisande og næringsliv.

Berekraftsmål



2. Vi reduserer klimafotavtrykket og vel robuste løsningar

Som alle store samferdsleprosjekt har utbygging av Bybanen eit vesentleg klimafotavtrykk. For å redusere dette må vi arbeide systematisk med klimastyring, redusert materialforbruk, dokumentasjon av miljøegenskapar og ombruk av materialar både under prosjektering og bygging.

Direkte utslepp frå energiforbruk på anleggsplass og massetransport utgjer ein vesentleg del av utsleppet frå prosjektet. I Vestland er det ei målsetting om å nå netto null direkte utslepp innan 2030.

Delmål

- Klimafotavtrykket frå utbygging av Bybanen blir redusert med minst 20 prosent både i prosjekterings- og byggefasen.
- Vi skal redusere direkte klimagassutslepp med mål om netto null innan 2030.
- Klimafotavtrykket frå tekniske fag blir dokumentert og redusert i byggetrinn 5.

Berekraftsmål



Fotokredit: Iver Daaland Åse / Bybanen Utbygging

3. Vi kjenner miljøpåverknadene våre og jobbar for å redusere dei

Utbygging av Bybanen påverkar miljøet mellom anna gjennom klimagassutslepp, støy, støv, anleggstrafikk og avfallsproduksjon. For Bybanen utbygging er det viktig å opptre som ein ansvarleg byggherre, ta ansvar for miljøpåverknadene og redusere desse mest mogleg.

I ei tid der naturen er under press er det viktig å ivareta økologiske funksjonar, våtmarkssystem og opplevingsverdi for menneske. Der det er mogleg å velje løysingar med ønskt funksjon, men med mindre arealinngrep og redusert materialbruk vil dette vere det beste miljøtiltaket av alle.

Bygg- og anleggsnæringa står for 26 prosent av avfallsproduksjonen i Noreg. Mykje av dette er materiale og ressursar som kan brukast om eller resirkulerast til nye materialar og råstoff. Sirkulære løysingar blir difor stadig viktigare for å redusere ressursbruk, avfallsmengder og klimafotavtrykket frå bygging av Bybanen.

Delmål

- Vi følger lovar og reglar, og har kontroll på støy, støv og forureinande utslepp til luft og vatn.
- Naturverdiar og blågrøne strukturar blir bevarte og forbetra der det er mogleg.
- Vi legg sirkulærøkonomi til grunn for både prosjektering og bygging gjennom ombruk, gjenbruk og prosjektering for framtidig demontering.
- Massar av alle typar skal reknast som ein ressurs. Vi tar vare på matjord, prioriterer kortreist massetransport, og legg til rette for mest mogleg gjenbruk og gjenvinning av rein og forureina masse.
- Vi skal bidra til å redusere avfallsmengder gjennom prosjektering og bygging, og vi skal ha høg gjenvinningsgrad for avfall frå entreprisane våre.
- Plast skal ikkje hamne på avvege, og vi skal redusere plastbruken i entreprisane.

Berekraftsmål



4. Vi fremmer eit godt og seriøst arbeidsliv for alle

Som offentlig byggherre har vi ei plikt til å ta ansvar for arbeidsmiljø, arbeidsrettar og menneskerettar. Korrupsjon, sosial dumping og anna arbeidslivskriminalitet har ingen plass i prosjektet vårt.

Oppfølging av seriøsitet skal vere føreseieleg for leverandørane våre, uavhengig av kva aktør i fylkeskommunen dei har avtale med. Det er utarbeidd seriøsitetskrav og etiske føresegner for Vestland fylkeskommune, og oppfølging av desse vil vere viktig for å sjå at vi oppfyller målsettingane våre.

Delmål

- Vi vil fremme forsvarlege løns- og arbeidsvilkår i kontraktane våre
- Vi vil førebygge arbeidslivskriminalitet og sikre ryddige skatte- og avgiftstilhøve hos leverandørane våre
- Vi vil ta samfunnsansvar og fremme etisk handel i innkjøp av varer og tenester
- Bybanen utbygging vil bidra til å stimulere fagutdanningane innanfor bygg og anlegg
- Vi vil legge til rette for mangfald, inkludering og likestilling i eigen organisasjon og hos leverandørane våre

Berekraftsmål



5. Vi utviklar ei berekraftig leverandørkjede og drar bransjen i ei grønare retning

Bybanen utbygging skal vere ein attraktiv byggherre. Vi skal bruke anskaffingar som eit verkemiddel for å utvikle ei berekraftig leverandørkjede.

Bybanen utbygging skal bidra til innovasjon og utvikling gjennom å delta i forskningssamarbeid, og vere open for nye løysingar og teknologiar.


Saman skal vi styrke konkurransekrafta til berekraftige løysingar og ein grønare bybane.

Delmål

- Vi skal vere oppdaterte på bransjen og marknaden, og samarbeide med leverandørane for å utvikle gode løysingar som kan dekke noverande og framtidige behov.
- Vi skal gjennomføre anskaffingar slik at vi får utnytte kompetansen og kreativiteten til leverandørane og gi meirverdi til prosjekta.
- Vi skal ha ei framoverlent haldning til innovasjon og utvikling og ta i bruk kunstig intelligens (KI) der det er relevant.
- Vi skal bruke relevante støtteordningar for å utvikle løysingar, heve kompetanse og gjennomføre verknadsfulle klima- og miljøtiltak.

Berekraftsmål





bybanenutbygging.no